

**RFF vil peika på følgjande område til arbeidet med budsjett og økonomiplan (ikkje prioritert rekkefølge):**

- Avlastningstilbod til barn og vaksne er av avgjerande betydning for at pårørnde skal halda ut i ein krevjande omsorgssituasjon over tid. Kommunen må difor sjå til at tilbodet både er tilstrekkeleg i timeomfang og hyppigheit, samt at dei som har behov for det, skal få vedtak om det.
- Det er i dag venteliste på arbeidssenteret, noko som medfører at brukarar ikkje får den arbeidstreninga dei har behov for. Dette kan i ytterste konsekvens skapa større hjelpebehov hos desse brukarane. Kommunen bør difor sørge for at alle som har behov for arbeidstrening, får dette tilbodet utan urimeleg ventetid.
- Fritids- og ferietilbod for brukarar med behov for følgje (ledsager) må inkluderast
- Hald fram opptrapping av fysioterapeutstillingar, jf. vedtak om å nå mål om landsgjennomsnitt
- Ergoterapitilbodet for vaksne er nærast ikkje eksisterande per i dag og det er behov for auke av kapasiteten her
- Følg opp kvalitetsnorm for BPA
- Det må gjennomførast relevante, anonyme brukar- og pårørndeundersøkingar for brukargruppa vedrørnde BPA
- Det må setjast av en sum i budsjettet til å utbetra sentrale punkt fortau/overgangsfelt (Straume og lokalsentra) slik at dette blir universelt utforma
- RFF føreset at dekning av transport til ferie-SFO for barn med nedsett funksjonsevne vert vidareført i neste budsjett og ber om at pengane ikkje vert knytt til ein bestemt skole, men kan koma alle aktuelle i brukargruppa til gode. Behovsprøving er akseptabelt.
- Det må sikrast at kommunen har tilstrekkeleg aktivitetstilbud til barn og vaksne med nedsett funksjonsevne, spesielt i feriar.